


## Årsmelding 2019

### Lom Knipsarlag



Årsmøtet var på Loarsenteret 5. mars 2019 og 11 medl. møtte fram. Møtet måtte utsetjast to gonger på grunn av sjukdom og kunne difor ikkje haldast innan fristen som skulle vere innan februar.

Styret har i 2019 vore slik

Leiar	Per Bådshaug
Nestleiar	Asbjørn Myrhaug
Sekretær	Liv Marie Øyjordet
Kasserar	Magnar Kolden
Styremedl.	Øyvind Pedersen
Vararepr.	Knut Holen
Valgkomite	Steinar Hov og Jon Gunnar Rust
Revisjon	Svein Ovesen og Olav Magnar Bø
Heimeside:	Steinar Hov

Medlemskontingent:

Enkeltmedl. Kr. 500,-      Familiemedl. Kr. 600,-      Ungdom under 20 år kr. 250,-

Medlemskap i NSFF inngår i kontingensten.

Revisjon/endring av vedtekten vart vedteke på årsmøtet.

Styremøte i 2019. Det har vore 3 styremøter. Enkelte saker har vore drøfta og avgjort på medlemsmøter og.

Medlemsmøte i 2019. Det har vore 9 medlemsmøter ( inkl. møte i samband med årsmøtet).

På 3 møter hadde vi utflykter. Åsjo i mai, Røisheim i juni og Visdalens i september. På møtet i april var vi ute og knipsa i nærmiljøet før minikonkurranse og kaffe på Loar etterpå.

Minikonkurranse på 4 andre møte og. Vinnarbilete er lagt ut på heimesida. Øyvind Pedersen hadde eit interessant foredrag om nye utstyrsalternativ på novembermøtet.

Nasjonalparkriket fotofestival på Hjerkinn 13.-15. september. Dette er eit samarbeidsprosjekt for klubbane i nasjonalparkregionen som vi høyrer til i: Dovrefjell Fotoforum, Vågå Kameraklubb, Linselusa (Vinstra) og Lom Knipsarlag. Øyvind Pedersen var med i styringsgruppa for treffet. Liv Marie, Magnar og Steinar deltok på treffet og i arrangørstabben. Dette er eit arrangement som er meint å finna stad annakvart år og i 2021 kan det bli lagt til Lom. Arrangørklubbane hadde utstilling, 10 biletar frå kvar.

Lomskalender 2020. Tema for kalenderen som vart sett fram på årsmøtet, var Jakt, fiske og fangst med fokus på kulturminne av det slaget. Det var vanskeleg å koma i gang og finna nok bilete, så da let vi oss inspirere av Diktardagane som hadde «Til fjells» som tema. Med ei samling forfattarar med tilknyting til Lom som utgangspunkt, plukka vi ut dikt og prosa frå desse og fann bilete som kunne illustrere tekstene. Arbeidet starta med eit møte 18. september og Øyvind Pedersen var hovudansvarleg for kalenderarbeidet med bidrag frå resten av styret. Resultatet vart godt motteke og vi starta salet på julemarknaden i Presthaugen 7. desember.

Loarsenteret. I juli kom det ein e-post til Knut om at husleigeavtala vår med kommunen, vart oppsagt, men trass i attendemelding frå Knut kom det ingen formell post til leiar og nestleiar. Vi har ved fleire høve hatt kontakt med folk i administrasjonen, men nå ved årskiftet er det framleis ingen avklaring på korleis situasjonen vår er m.o.t. vidare leige på Loar eller ev. andre alternativ.

Ingen deltok på NSFF sitt landsmøte i 2019.

Det er sendt inn bilete til årboka for NSFF av fleire medl. så vi er sikra å få med noko der.